



Juni 2021

# Barnehagane i Seljord

Trygge og inkluderande barnehagemiljø

# HANDLINGSPLAN / RETTLEIAR

## Førebygging og handtering av krenkingar og mobbing i barnehagane i Seljord

### Innhald

Lovgrunnlaget.....	3
Om krenkingar og mobbing.....	4
Aktivitetsplikta.....	5
Meldeskjema.....	6
Aktivitetsplan.....	7
Oppfølgingsskjema.....	8
Arbeidet med trygge og inkluderande barnehagemiljø.....	9
Du er viktigare enn du trur! .....	10
Du berre.....	11
Litteratur og lenker.....	12

### Seljord barnehage

Styrar/einingsleiar Heidi Færstaul Haugerud  
Avd. Heddeli  
Gullnesvegen 13, 3840 Seljord  
Tlf: 350 51 352

Avd. Tussejuv  
Brøløsvegen 8, 3840 Seljord  
Tlf: 350 65 180

### Flatdal oppvekstsenter barnehage

Styrar/assisterande einingsleiar Nina Bakkåker  
Flatdalsvegen 789, 3841 Flatdal  
Tlf: 350 51 360



[seljord.kommune.no](http://seljord.kommune.no)

**Grunnlova §104 andre ledd:** « Ved handlinger og avgjørelser som berører barn, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn.»

**FN`s barnekonvensjon** gjev barn grunnleggjande menneskerettar. Art. 2 og 19 gjev barn og unge rett til vern mot diskriminering og beskyttelse mot fysisk og psykisk vold som mobbing. Å motvirke og stoppe mobbing er viktig for å sikre barn rett til liv og utvikling. Barnets beste skal vere eit grunnleggjande hensyn i alt arbeid med barn, art. 3. Og alle barn har rett til å bli høyrt i alt som gjeld dei sjølve, art.12.

I **Barnehageloven § 41-43** står det at det skal vere nulltoleranse for ulike krenkingar i barnehagen og at ein skal drive førebyggjande arbeid. Barnehagen har plikt til å sikre at alle barn har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Det er skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som jobbar i barnehagen krenkar eit barn (lenke til lovteksten s.12)

**Rammeplan for barnehagen, livsmestring og helse:**  
Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggande funksjon og bidra til å utjamning sosiale forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen.  
Barnehagen skal bidra til at barna trivast og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Om eit barn opplever å bli krenka eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp.

**Kommuneplanens samfunnsdel, Seljord kommune 2017-29, s.23:** Born og unge skal ha eit særskilt fokus i planperioden og ein må fokusere på eit trygt og inkluderande oppvekstmiljø som gir høve til å oppleve meistring gjennom ein naturleg utvikling av evner og interesser.

**Å høyre til**

*Vondt er av alle andre  
bli trakka på og trengd.  
Men vondare å veta  
at du er utestengd.*

*Det er så mangt i livet  
du ventar deg og vil.  
Men meir enn det å vera  
er det å høyre til.*

**Jan-Magnus Bruheim**

## Førebygging

### Personalalet skal:

- Ikkje godta krenkingar som til dømes utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering.
- Vere gode rollemodellar. Samarbeide seg i mellom og ta ansvar for kvarandre.
- Nyte ein autoritativ oppdragarstil, - varm og tydeleg.
- Vere følelsesmessig tilstades og aktivt deltakande i leik og annan aktivitet saman med barna. Støtte og stimulere.
- Vise respekt for barns følelsesmessige opplevelingar, lytte og støtte.
- Fremme leik og vennskap, og barns rett til medverknad. Jobbe i mindre grupper.
- Jobbe målbevisst med sosial kompetanse og relasjonskompetanse, - individuelt og i gruppe.
- Nyte profesjonell observasjon systematisk, og ha samtalar med barna enkeltvis og i gruppe om korleis dei har det i barnehagen til ei kvar tid.
- Løfte opp tema inkludering i gruppemøte og personalmøte, samt andre arenaer for personalutvikling.
- Ta ansvar for å skape eit godt foreldresamarbeid. Inkludering skal vere tema i alle møtepunkt.

## Avdekking

**Krenkingar** skjer både bevisst og ubevisst. Det kan vere utfordrande å oppdage. Vi er alle krenkbare i ulik grad. Det handlar om personlegdom, erfaringar, sjølvkjensle, og kor mykje merksemdu vender innover i oss sjølv i dei ulike hendingane. Like hendingar vil bli ulikt opplevd av ulike barn, personal og foreldre.

Krenkingar mellom barn kan skje indirekte gjennom til dømes utestenging frå leik og anna aktivitet. Døme på direkte krenkingar kan vere slag, spark og biting.

Å reagere fysisk når ein møter motstand er ein del av små barns utvikling. Nokon barn strevar meir enn andre i periodar av ulike grunnar.

For å kunne oppdage uheldige atferdsmönster så tidleg som mogleg, er vi avhengige av sensitivt personal som er tett på og opptekne av å bygge gode relasjonar med barna, - og mellom barn.

Tett dialog og samarbeid med føresette vil gjere det lettare å fange opp endringar hos barnet tidleg. Ein ser barna i ulike settingar og kan på den måten utfylle kvarandre.

**« Atferd er eit språk »**

Ingrid Lund

## Kva er mobbing?

**« Mobbing av barn i barnehage er handlinger fra voksne og/eller andre barn som krenker barnets opplevelse av å høre til og være en betydningsfull deltaker i fellesskapet. »**

Lund, Helgeland & Kovac 2015.

### Konflikt, erting eller mobbeatferd?

**Konflikter** er nødvendig for god sosial utvikling. Konflikter foregår mellom likeverdige partar. Dei involverte har dei same emosjonelle reaksjonane og kan raskt bli vene igjen.

**Ertинг** foregår og mellom likeverdige partar. Det er for moro og er vanlegvis ikkje skadeleg/vondt. Men det kan vere ein forløpar til meir alvorlege negative handlingar, og bør stoppast i barnehagen.


**Mobbeatferd** er gjentekne negative handlingar mot enkeltbarn/grupper. Det er ubalanse i styrkeforholdet, og ein kan sjå ein sterk emosjonell reaksjon frå den/dei som er utsette. Motivet kan vere å få kontroll på materielle ting, verne om eigen leik eller oppnå høgare status i barnegruppa. Må sjåast i samanheng med sosial umodenhet, og liten forståing av korleis dette verkar på andre barn.

## Handlingssløyfa

Alle som jobbar i barnehagen har plikt til kontinuerleg å følge med på om alle barn har det trygt og godt, at dei trivast og er inkludert. Dersom nokon i personalet eller føresette får kunnskap eller mistanke om at barnet ikkje har det trygt og godt har ein plikt til å gripe inn og varsle styrar. Det er styrar sitt ansvar at det blir undersøkt nærare og sett inn tiltak. Arbeidet skal følgjast opp til både barnehage, barnet og dei føresette meiner at barnet opplever barnehagemiljøet som trygt og godt. Då er barnehagens aktivitetsplikt utført.

Aktivitetsplikta vil vere oppfylt dersom barnehagen har gjort alt som ein med rimelighet kan krevje av den, og om barnehagens planar for vidare tiltak er i samsvar med eit godt fagleg skjønn.

Dersom ein tilsett i barnehagen krenkar eit barn, blir ei skjerpa aktivitetsplikt utløyst. Styrar må då melde frå til eigar. Dersom det er mistanke om eller kjennskap til at styrar krenkar barn skal det meldast frå direkte til barnehageeigar (kommunalsjef).



**6****MELDESKJEMA****- ved bekymring for barns psykososiale miljø i barnehagen**

**Unntatt offentlegheit jf. §13 i Offentleglova og §13 i Forvaltningslova**

**Melding til styrar/barnehage:**

**Namn på meldar og rolle:**

**Dato:**

**Namn på den som har fylt ut meldinga:**

**Dato:**

**Namn på barnet:**

**Født:**

**Namn på andre som evnt. er involvert:**

**Gruppe:**

**Bakgrunn for bekymringa:**

**Er bekymringa tatt opp med barnet/barna det gjeld?**

**Namn på andre som evnt. er informerte om bekymringa:**

**Styrar har ansvar for at meldinga blir aktivert  
og at kommunalsjef for oppvekst blir orientert i alvorlege saker eller dersom saka involverer ein tilsett**

# AKTIVITETSKJEMA

## - ved bekymring for barns psykososiale miljø i barnehagen

**Melding til styrar/barnehage, namn:**

**Namn på meldar og rolle:**

**Dato:**

**Namn på barnet:**

**Født:**

**Namn på andre som evnt. er involvert:**

**Gruppe:**

**Oppstartssamtale**

- deltarar:

**Ansvar:**

**Dato:**

Bakgrunn for bekymringa:

Mål:

Tiltak

Individ nivå:

Systemnivå:

Føresette:

**Avslutningssamtale**

- deltarar:

**Ansvar:**

**Dato:**

Evaluering

Barnet / barnegruppa si oppleveling:

Foreldra si oppleveling:

Personale sin observasjon:

Oppfølging,

- kryss av/ kort  
kommentar

Halde fram med tiltaka:

Revidering av tiltak, grei ut:

Avslutte aktivitetsplanen:

**Signatur føresette:**

**Dato:**

# OPPFØLGINGSSKJEMA

## - ved bekymring for barns psykososiale miljø i barnehagen

**Oppfølgingssamtale**

- gjentek seg til aktivitetsplan vert avslutta med ei avslutningssamtale (aktivitetsplan)
- deltakarar:

Ansvar:

Dato:

Evaluering	Barnet / barnegruppa si oppleving:
------------	------------------------------------

	Foreldra si oppleving:
--	------------------------

	Personalalet sin observasjon:
--	-------------------------------

Oppfølging,	Halde fram med tiltaka:
-------------	-------------------------

- kryss av/ kort kommentar	Revidering av tiltak, grei ut:
-------------------------------	--------------------------------

	Avslutte aktivitetsplanen:
--	----------------------------

<b>Signatur føresette:</b>	<b>Dato:</b>
----------------------------	--------------

**Oppfølgingssamtale**

- gjentek seg til aktivitetsplan vert avslutta med ei avslutningssamtale (aktivitetsplan)
- deltakarar:

Ansvar:

Dato:

Evaluering	Barnet / barnegruppa si oppleving:
------------	------------------------------------

	Foreldra si oppleving:
--	------------------------

	Personalalet sin observasjon:
--	-------------------------------

Oppfølging,	Halde fram med tiltaka:
-------------	-------------------------

- kryss av/ kort kommentar	Revidering av tiltak, grei ut:
-------------------------------	--------------------------------

	Avslutte aktivitetsplanen:
--	----------------------------

<b>Signatur føresette:</b>	<b>Dato:</b>
----------------------------	--------------

**August**

Bli kjent med nye barn. Samtalar med foreldra.

Foreldremøte, tema: vennskap og fellesskap, leik og inkludering.  
Kva for støtte kan foreldregruppa gje i utviklinga av det  
psykososiale miljøet på gruppa/i barnehagen? Lage plan.

Utarbeide skriftlege normer for samhandling saman med barna.

Nye tilsette vert informert om plan for «Trygge og inkluderande  
barnehagar i Seljord.»

**September**

Profesjonell og systematisk observasjon av relasjonar barn-  
barn, personalet-barna og barna-personalet. Setje inn tiltak.

Kartlegge dei sårbare barna. Setje inn tiltak.

Kartlegge barnas leikekompetanse. Setje inn tiltak.

**Oktober**

Foreldresamtalar, tema: trivsel og utvikling, leik og inkludering.

Samankomst med foreldre, barn og personalet.

**November**

Planleggingsdag for personalet/kursdag. Tema: vaksenrolla.

Gjennomføre ståstadanalyse, Utdanningsdirektoratet (Udir)  
- Vennskap og fellesskap. Setje inn tiltak.

Foreldreundersøking anna kvart år (oddettall). Udir

**Januar**

Planleggingsdag for personalet:

Gjennomføre ståstadanalyse, Utdanningsdirektoratet (Udir)  
- inkluderande praksis og tilrettelegging. Setje inn tiltak.

**Februar**

Foreldremøte, gjennomgang av foreldreundersøkinga (oddetal)  
og ståstadanalysar. Setje inn tiltak.

**Mars**

Foreldresamtalar, tema: trivsel og utvikling, leik og inkludering.

**April**

Foreldremøte for alle barnehagane i Seljord (partal).  
Tema: psykisk helsefremjande barnehagar

**Juni**

Samankomst med foreldre, barn og personalet.

**Faste postar på personalmøte/gruppemøte kvar månad,  
og på planleggingsdagar**

- det einskilde barn og barnegruppa si trivsel og utvikling,  
leik og inkludering. Pedagogisk analyse, veiledning, rollespel.

**Fast post på foreldremøte og i Samarbeidsutvalet (Su):**

- det psykososiale miljøet i barnehagen

## Frå gode haldningar til gode handlingar.

- Gje andre barn og deira familiær opplevinga av å bli sett og rekna med, - etterspør, inviter inn og bygg relasjonar
- Støtt opp om ditt barns leik med alle barn
- Møt alle andre med eit varmt blikk og eit hei når de treffast
- Ver open og etterspør korleis andre har det
- Framsnakk barn, foreldre og personalet
- Gje saklege og gode tilbakemeldingar
- Ver merksam på eige kroppsspråk
- Framelsk mangfoldet,
  - gje andre anerkjenning for den dei er
  - respekter andre sine kjendsler.
  - vis vilje til å forstå og bli forstått
  - fremme meistringsfølelse
- Skap arenaer der alle kan møtast
  - felles opplevingar
  - latter i fellesskap
  - måltidsfellesskap
- Bursdagar,
  - avgrens invitasjonar på ein måte som barna forstår
  - kartlegg kven som treng litt drahjelp for å kunne bli med
  - tilby samkjøring
- Pass på at alle barn får oppleve å bli invitert på besøk
- Erkjenn at krenkingar og mobbing er eit problem.  
Følg med, - og bry deg!

*DU er viktigare enn  
du trur!*

«Barn er ikkje vanskelege, dei har det vanskeleg. Det er ingen barn som blir mobba, utestengt og trakassert fordi dei fortjener det. Uansett korleis dei oppfører seg. Alle barn har rett til å vere ein del av fellesskapet. Det er vår plikt som vaksne å sørge for at dei får den moglegheita på lik line med andre barn. Det er og vår plikt som vaksne å sjå bak den atferden vi ikkje forstår, ikkje likar eller nokon gonger ikkje kan akseptere. Den rausheten skal vi ha som vaksne. Vi må vere nysgjerrige, og vi må ønske å finne det gode som er i kvart einaste barn. Vi må ta initiativet, vere villige og ha den rausheten som skal til».

Kristin Oudmayer, Fagansvarlig UNICEF Norge.  
[unicef.no/denene](http://unicef.no/denene)

Ein samarbeidspartner for FUB,  
- foreldreutvalet for barnehagen.



*Du berre*

*du berre såg på meg  
du visste med ein gong  
kva eg ville ha*

*eg visste det nesten  
ikkje sjølv ein gong*

*men du berre rette  
fram handa den gong  
og sa: her er eg.*

Oskar Stein Bjørlykke



**Litteraturliste**

- Ask, Cathrine (2015). Hverdagslæring i barnehagen - for både voksne og barn Kommuneforlaget
- Brandtzæg, Ida, Torsteinson, Stig og Øiestad, Guro (2013): Se barnet innenfra. Kommuneforlaget
- Greene, Ross W. (2005). Eksplasive barn. Pedagogisk forum
- Fallmyr, Øyvind. (2020). Følelseshåndtering og relasjonsbygging i skolen, 2.utg. Universitetsforlaget
- Idsøe, Ella Cosmovici og Roland, Pål (2017). Mobbeatferd i barnehagen. Temaforståelse- forebygging-tiltak Cappelen Damm Akademisk
- Jørgensen, Per Schultz (2016). Styrk barnas karakter. Et forsvar for barn, barndom og karakterdannelse. Pedagogisk forum
- Jørgensen, Per Schultz (2017). Robuste barn. Gi barnet ditt ansvar, livsmot og tiltro til seg selv. Cappelen Damm Akademisk
- Lund, Ingrid og Gotfredsen, Marianne og Helgeland, Anne og Nome, Dag Øystein, Kavac, Bobo Velibor og Cameron, David Lansin (2015). Hele barnet, hele løpet; Mobbing i barnehagen. Forskningsrapport fra FUB, FUG, Universitetet i Agder, Abup og Kristiansand kommune.
- Lund, Ingrid (2016). De er jo bare barn. Om barnehagebarn og mobbing. Pedlex
- Lund, Ingrid og Helgeland Anne (2016). Mobbing i barnehagen. Anerkjennelse som forebygging. Pedlex
- Lund, Ingrid og Helgeland, Anne (2018). Samarbeid mot mobbing i barnehagen. Pedlex
- Lysebo, Marit Onshuus og Bratt, Elin Gullesen ( 2017). Relasjonskompetanse i barnehagen. Pedlex
- Melaas, Terje (2015). Blikk for lek i barnehagen. Starte - verne – videreutvikle. Kommuneforlaget
- Melvold Line (red.) (2019). Barn er budbringere. En veiviser til psykisk helsefremmende barnehager. Kommuneforlaget
- Melvold Line (red.) (2020). Livsmestring i barnehagen. Å bære sin egen bagasje. Kommuneforlaget
- Nou (2015). Å høre til. Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø. [regjeringen.no](http://regjeringen.no)
- Ny mobbelov for barnehager, psykososialt barnehagemiljø. Pedlex 2020
- Pape, Kari (2013). Jakten på den gode barndom. Lekende og inkluderende miljøer i barnehagen. Kommuneforlaget
- Raknes, Solfrid (2014). Grøne tankar - glade barn. Pedagogisk førstehjelp, barn 4 – 7 år. Gyldendal Akademisk
- Schibbye, Anne Lise Løvlie og Løvlie, Elisabeth (2017). Du og barnet. Om å skape gode relasjoner med barn. Universitetsforlaget
- Spurkeland, Jan (2017). Relasjonsledelse Universitetsforlaget
- Sælebakke, Anne (2015). Barn i balanse. Nær vær og empati i barnehagen. Gyldendal akademisk

## Lenker

Kongeriket Noregs grunnlov § 104. [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1814-05-17-nn#KAPITTEL\\_5](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1814-05-17-nn#KAPITTEL_5)

FN's barnekonvensjon. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/fns-barnekonvensjon/id88078/>

Barnehageloven § 41-43. [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64/KAPITTEL\\_8#§41](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64/KAPITTEL_8#§41)

Rammeplan for barnehagen. <https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-nynorsk2017.pdf>

Kommuneplan samfunnsdel 2017-29. [https://img5.customopublish.com/getfile.php/4530106.2635.utlnutsizuu7zz/91049+Samfunnsplan-6+\(3\).pdf?return=www.seljord.kommune.no](https://img5.customopublish.com/getfile.php/4530106.2635.utlnutsizuu7zz/91049+Samfunnsplan-6+(3).pdf?return=www.seljord.kommune.no)

Udir (2017). Grunnlagsdokument for arbeid med barnehage-, skolemiljø, mobbing og andre krenkelser. En felles plattform for statlige aktører. <https://www.statsforvalteren.no/contentassets/76009cd65b1649c88bdcb2e194dc8aed/grunnlagsdokument-barnehage-skolemiljo-mobbing-og-krenkelser.-revidert-utgave-15.09.17.pdf>

Implementeringsplan for inkluderande barnehage og skolemiljø. <https://img5.customopublish.com/getfile.php/4463854.2635.jlnkiiistqzwbz/Gjeldande+Implementeringsplan+inkluderande+skule+-+og+barnehagemiljø+15.4.19.pdf?return=www.seljord.kommune.no>

Årsplan del 1, Barnehagane i Seljord. <https://www.seljord.kommune.no/getfile.php/4742555.2635.n7ajsazmzltmbn/Årsplan+del+1+Barnehagane+i+Seljord+2020-21.pdf>

## Nettressursar

Utdanningsdirektoratet. [udir.no](http://udir.no)

Informasjon frå Udir om satsinga, - Inkluderande barnehage og skolemiljø.

[https://www.dropbox.com/sh/fwa652sg2l26rxr/AACog4\\_tgj8Xs2hcm4pvnGFia/1.%20Informasjon%20og%20dokumenter?dl=0](https://www.dropbox.com/sh/fwa652sg2l26rxr/AACog4_tgj8Xs2hcm4pvnGFia/1.%20Informasjon%20og%20dokumenter?dl=0)

Udir, Ståstadanalyse: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/stastedsanalyse/>

Den ene, - målet er å inspirere vaksne til å bry seg og gjere ein forskjell i sårbare barns liv. Frå UNICEF: <https://arkiv.unicef.no/denene>

## Døme på verktøy vi nyttar til undersøkingar:

Kartleggingar, Udir si foreldreundersøking og ståstadsanalysar

Ulike observasjonsmetodar egna for formålet, td. sosiogram, fargeanalyse m.m.

Pedagogisk analyse, rettleiing, rollespel i personalgruppa

Barnesamtalar og foreldresamtalar